**Saksprotokoll i Hordaland fagskulestyre - 17.03.2016**

**Sjur Veim** sette fram følgjande forslag:

> Administrativ samanslåing av Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole gjøres når skolene fysisk er samlokalisert.»

Alexander Fosse Andersen sette fram følgjande tilleggsforslag til pkt. 1:

> «Styret vil peika på at arbeidet med samlokalisering av fagskulane vert prioritert slik at dette kan gjennomførast snarast råd.»

**Røysting**
Veim sitt forslag fekk 1 røyst og fall.
Andersen sitt tilleggsforslag til pkt. 1 vart samrøystes vedteke saman med administrasjonen sitt forslag.

**Vedtak**

| | |
|---|---|
| **1** | Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole vert slått saman til éin fagskule 01.01.2017. Styret vil peika på at arbeidet med samlokalisering av fagskulane vert prioritert slik at dette kan gjennomførast snarast råd. |
| **2** | Den nye tekniske og maritime fagskulen vil heite Fagskolen i Hordaland. |
| **3** | Opplæringsavdelinga må gjere greie for:<br>- Ressursbehovet i høve til personale knytt til omstillingsarbeidet.<br>- Eventuelle behov for endringar i bygg og kostnadar ved dette.<br>- Eventuelle økonomiske konsekvensar ved splitting av drifta av fagskule og vidaregåande skule.<br>Lokasjon for den nye eininga og plassering av hovudadministrasjon. |